

## **Lover (vedtekter)**

### **§ 1 Føremål**

NELFO Sogn og Fjordane skal, som organ for NELFO arbeide for å fremje forbundet sine føremål, og syte for at Nelfos lover blir holdne. Dessutan skal foreninga ivareta medlemmane sine lokale interesser innafor det distriktet foreininga dekkjer.

Foreininga sine lover skal bygge på NELFO si lovnorm

Eventuelle tillegg skal leggast fram for forbundet sitt hovudstyre for godkjenning.

Foreininga sine distriktsgrenser skal godkjennast av forbundet sitt hovudstyre.

### **§ 2 Tilhøve til NELFO sine sentrale organ**

Foreininga si verksemid skal vere i nøyne samsvar med forbundet sitt føremål og arbeid.

Viktige vedtak som vedkjem foreninga si drift og avgjerdslar som har betydning for forholdet mellom Nelfo sentralt og foreininga skal meldast til forbundet utan ugrunna opphold.

Saker som vedkjem tilhøva til offentlege styresmakter, og/eller som er av prinsipiell karakter, skal fremjast gjennom forbundet.

Vedtak som strid mot forbundet sitt føremål og arbeid kan av forbundet krevjast endra, og endringa skal i så fall gjennomførast av foreininga utan opphold.

### **§ 3 Tilhøve til NHO**

Foreininga sitt tilhøve til NHO er regulert gjennom NELFO og NHO sine lover.

Eikvar usemje mellom medlem og dei tilsette hos medlem skal straks meldast til Nelfo sitt sekretariat, som gjer vedtak om vidare handsaming av saka.

Foreininga kan ikkje starte eller medverke til stadlege forhandlingar med dei tilsette eller deira organisasjonar. Dette skal skje gjennom NELFO sitt sekretariat.

### **§ 4 Styret**

Foreininga vert leia av eit styre på 5 medlemer med to vara representantar.

Styreleiar vert vald ved særskilt val for eitt år om gongen på den ordinære generalforsamlinga.

Dei øvrige styremedlemene vert valde for to år om gongen, slik at to og to går ut annakvart år, første gongen ved loddtrekning.

Foreininga kan bestemme lengste samanhengande funksjonstid i same verv. (dette kan vere i form av instruks til valnemnd)

Dersom ikkje generalforsamlinga vel styremedlemmene til fastsette styrepositionar, konstituerer styret seg sjølv på første ordinære styremøte etter generalforsamlinga.

Styret representerer foreininga utad. Kun styret gjev meldingar til pressa om forhandlingar og vedtak såvel frå styremøte som frå generalforsamlingar og medlemsmøte.

Styret avgjer eitkvart spørsmål som gjeld medlemane mellom, og som ikkje høyrer inn under generalforsamlingar eller medlemsmøte. Medlemene pliktar å rette seg etter styret sine vedtak.

Styret er vedtaksført når minst tre medlemer eller varamedlemer er til stades.

Styret avgjer saker med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal, avgjer leiaren si røyst. Dersom eit medlem ønskjer det, kan saka ankast til avgjerd i medlemsmøte eller ei generalforsamling.

Styret fører protokoll over alle styremøte, generalforsamlingar og medlemsmøte.

Styret har fullmakt til å engasjere juridisk hjelp der ein finn det nødvendig.

Styret kan engasjere dagleg leiar til den daglege drifta av foreininga.

Styret kan delegera ein del av sine oppgåver til dagleg leiar etter nærmare avtale.

Dagleg leiar skal delta på generalforsamlinga, styremøte, foreningsmøte, og delta i andre arrangement der det er naturleg at foreininga er representert, med mindre styret avgjør anna.

Dagleg leiar kan vere engasjert i fleire av NELFO sine lokalforeiningar

## **Lover (vedtekter)**

### **§ 5 Generalforsamlinga**

Ordinær generalforsamling vert halden kvart år innan utgangen av mars månad, og vert innkalla av styret med minst to vekers skriftleg varsel til medlemene med liste over dei sakene som skal handsamast. Nødvendige sakspapir skal leggast ved innkallinga. Saker til generalforsamlinga må vere styret i hende innan 3 veker før generalforsamlinga, likevel seinast 15. januar.

Generalforsamlinga vert leia av den til eikvar tid fungerande styreleiar. Ved forfall leiar nestleiar generalforsamlinga. Melder begge forfall, vel generalforsamlinga sjølv ein dirigent.

Generalforsamlinga er vedtaksfør i alle saker som står på dagsorden uansett kor mange som møter. Vedtaka vert gyldige ved vanleg fleirtal med mindre desse vedtektena fastset anna.

Kvart firma har ei stemme. Medlemene kan vere representert ved fullmekting. Fullmakt må vere skriftleg, og skal leggast fram for leiaren av generalforsamlinga. I følgje NELFO sine lover § 4, kan den einskilde medlem berre stille med fullmakt frå 1 medlemsbedrift, i tillegg til eiga røyst. Av fullmakta skal det gå fram kven som har gitt fullmakta, og kven den er gitt til. Den skal også vise om fullmakta er gitt generelt eller om den gjeld ei eller fleire av sakene som skal handsamast.

På ordinær generalforsamling skal følgjande saker handsamast:

- a) Val av protokollførar
- b) Val av to medlemer som skal underteikne protokollen
- c) Årsmelding
- d) Revidert rekneskap
- e) Fastsetting av kontingen for foreininga
- f) Fastsetting av godtgjersle til styret.
- g) Styret sitt budsjettframlegg
- h) Saker som er innkomne minst tre veker før generalforsamlinga
- i) Val av styre, med særskild votering ved val av styreleiar. Det skal veljast to varamenn.
- j) Val av revisor
- k) Val av representantar til NELFO si generalforsamling.
- l) Val av valnemnd på to medlemmer, der ein vert vald til leiar

Det skal førast protokoll over forhandlingane. Årsmeldinga skal sendast til NELFO seinast 14 dagar etter generalforsamlinga. Viktige vedtak skal meldast samstundes.

### **§ 6 Ekstraordinær generalforsamling**

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret eller minst 1/3 av medlemene krev det, og vert kalla inn av styret med minst 8 dagars varsel. Grunngjeve krav om ekstraordinær generalforsamling må meldast skriftleg til styret.

### **§ 7 Medlemsmøte**

Styret kallar inn til medlemsmøte så ofte ein finn det nødvendig. Innkallinga skal vere skriftleg, med melding om saker som skal drøftast. Saker som ikkje er lagt til generalforsamlinga, kan avgjerast ved vedtak i medlemsmøte. Sakene kan avgjerast med vanleg fleirtal, som bind alle medlems-bedriftene.

Referat frå medlemsmøte skal refererast og godkjennast i første etterkomande medlemsmøte.

### **§ 8 Medlemskap**

Bedrifter som fyller krava til medlemskap til lover for Nelfo, § 2 kan bli medlemer i lokalforeininga. I tvilstilfelle skal NELFO sitt hovudstyre avgjere søknaden.

Ei bedrift kan ikkje være medlem av foreininga utan samtidig å være medlem av Nelfo.

Foreininga kan be Nelfos hovedstyre om å avslå ein medlemssøknad dersom søkeren har handla i strid med prinsippa i Nelfos lover eller på annan måte har synt ein oppreten som ikkje er sameint med medlemskap i Nelfo. Innstillinga kan av søkeren ankast til Nelfos hovedstyre.

Innmelding skjer i samsvar med lover for Nelfo, § 22. Det nye medlem har stemmerett på foreninga sine medlemsmøter når medlemskap i Nelfo er stadfestat.

Utmelding av foreininga skjer i samsvar med NELFO sine lover § 22.

Foreininga kan og ta opp personar som passive medlemmer. Passive medlemmer får ikkje ta del i det gjensidige medlemskapet i Nelfo eller NHO og får heller ikkje stemmerett i foreininga.

Etter begrunna forslag frå foreininga sitt styre, kan generalforsamlinga utnemne personlege æresmedlemskap i foreininga. Medlemsbedriftene avgjer sjølv kven som skal representera bedrifta på generalforsamlinga og på medlemsmøte.

Representasjonen inneber fullmakt til å binde medlemsbedrifta ved avrøystingar. Også andre tilsette i medlemsbedriftene har tilgang til møta.

## **Lover (vedtekter)**

---

### **§ 9 Kontingent**

Til dekking av foreininga sine utgifter betaler kvart medlem ein kontingent som vert fastsett på den ordinære generalforsamlinga for kvart kalenderår, etter forslag frå styret.

Styret fastset frist for betaling av kontingent. Medlem som ikkje har betalt kontingent, kan nektast stemmerett av styret.

Konsern med en eller flere avdelinger i foreningen skal samlet ikke betale mer kontingent og avgift enn det nivået som hovedstyret i Nelfo til enhver tid fastsetter, jfr. Nelfos lover § 4, 2. avsnitt nr. 5

Styret kan sette ein frist for kva månad medlemskontingenften må være betalt.

Styret i foreininga kan nekte framhald av medlemskap, jfr Nelfos lover § 22, 2. avsnitt nr. 3. dersom medlemmer har restanse eldre enn 3 månader på kontingent / avgift, eller andre uoppgjorte forpliktingar overfor foreninga.

### **§ 10 Disiplinærtihøve**

Dersom eit medlem handlar i strid med NELFO sine lover eller, skadar foreininga sine interesser, eller unnlet å etterkome vedtak som foreininga har gjort, skal forholdet fremjast for Nelfo sitt hovedstyre for å avgjere om den skal handsamast som disiplinærskap i samsvar til lover for Nelfo, § 23.

### **§ 11 Lovendring**

Endringer i foreininga sine lover må fremjast for generalforsamlinga og vert gyldig når minst 2/3 av dei frammøtte medlemene røystar for endring. Forslag til endring må vere styret i hende innan den frist som er nemt i § 5.

### **§ 12 Oppløsing**

Forslag om oppløsing av foreininga må fremjast minst 6 månader før generalforsamlinga.

Vedtak om oppløsing krev eit fleirtal på minst 3/4 av foreininga sine medlemer.

Dersom forslaget ikkje oppnår 3/4 fleirtal kan det fremjast på nytt til ny ekstraordinær generalforsamling, med minst 1 måneds varsel, og vert då avgjort ved eit fleirtal på 3/4 av dei frammøtte medlemene.

Den generalforsamlinga som gjer bindande vedtak om oppløsing, avgjer disponering av foreininga sine midlar, med vanleg fleirtal. Foreininga sine eventuelle midlar skal disponeres til beste for installatørstanden.

Generalforsamlinga kan overlate til Nelfos hovedstyre å bestemme om disponering av midlane.